

litt om serien:

Vår kultur er prega av høgt tempo, høge forventningar, høge krav. Det er mange moglegheitar, mange val, mange ulike røyster.

Akkurat det har vi høyrte før. Men kva gjer det med oss? Nokre gonger kjenner vi oss overmanna og veit ikkje korleis vi kan komme oss vidare. Vi kan kjenne oss låste fast og som framande midt i det livet vi kallar vårt.

Vi blir så lett drivne frå skanse til skanse, mistar kontrollen på eigen kvardag og kjenner fort at kjensla av å vere offer kjem snikande. Denne serien handlar om nokre av disse livskjenslene som gjer at mange kristne erfarer stillstand og lite utvikling i sitt trusliv.

litt om tema:

Ofte kan vi kjenne på ei overveldande kjensle av at «dette blir for mykje for meg». Vi merker ei form for handlingslamming, mister evna til å velje og situasjonen overmannar oss. I vår travle, vestlege kultur er det nesten som om noko av denne kjensla er blitt ein integrert del av vår livsstil. Derfor blokkerer vi oss sjølv frå å ta tak, endre oss og skifte kurs. Men Jesus er vår fridom. Han er vårt eksodus (utgang frå fangenskap) Korleis er Jesus frigjerar i ditt liv?

2. Mos 6, 2-9; 14, 10-14: vegleiane spørsmål

1. Kva motiverer Gud til å gripe inn i situasjonen til det overmanna folket sitt?
2. Kva seier det om Guds karakter?
3. Korleis reagerer Israel i møte med den aller første utfordringa på veg ut av Egypt?
4. Kva seier dette om forholdet mellom vår tru og Guds truskap?

Den ærlege samtalen

1. Kvar i livet opplever du at du er overmanna? (hint: der du har ønska endring i mange år, men ingenting skjer)
2. Kva er grunnane til at du av og til «sit fast»?
3. Kva betyr det for deg at du er elskt av Gud, den allmechtige, først?
4. Er det vanskeleg for deg å være konkret om dine problem?

Gjennom deg og vidare

Når du ikkje er overmanna av alt mogleg sjølv, er du då fri til å leie andre til fridom?

Kven er det du skal formidle Jesu fridom til akkurat no?

Takksam deling

Korleis kan de minne kvarandre på å leve som om Gud er større enn problema og utfordringane?

Takk, bøn og forbøn

1. Takk Gud for hans allmakt, hans truskap og den fridomen han gir oss. Hald dette opp i bønna mot det som overmannar dykk. Har vi ikkje grunn til å stole på han?
2. Be Gud konkret om å gripe inn og føre dykk ut av den overmanna situasjonen.
3. Be Gud om ei erfaring av at han har ein utveg for dykk. Be om mot og tillit til å ta dei første stega.
4. Del gjerne andre bønneemne og be for kvarandre.

Vener

Be

litt teologi: Israelfolket.

Der 1.Mosebok handlar om skapinga, syndefallet og fedrehistoria, handlar 2.Mosebok om Israelfolket, korleis dei var fanga i og fridd frå Egypt og om korleis Gud forma dei som sitt folk i ørkenen.

Israel blei ikkje valde ut fordi dei var så store og flotte - det var ikkje derfor Gud valde dei og kalla dei ut av Egypt. Nei nettopp fordi dei var små og underkua valde Gud dei ut og elskt dei. Med teikn og under og mektig hand leier Gud dei, bergar dei frå fiendar og farar og forsørgjer dei.

Likevel slit israelittane med å henge med. Dei slit med tilliten til Gud og til Moses, leiaren som Gud har gitt dei. Gong på gong vil dei gje opp, vende tilbake, dei syndar og gjer opprør. Gong på gong ser dei seg blinde på det dei trur er umoglege situasjonar, og kjenner seg overmanna og svikta av Gud. Og når de kjenner det slik, då sviktar dei Gud. Men Gud viker aldri frå sida deira. Han bergar dei, trøystar dei, irretteset dei og leiar dei.

Så sant Israels Gud lever, så kan ingenting overmanne oss som kristne! Så kvifor blir også vi som kristne så lett hengande fast i dei tingane som skjer med oss?

Gløymer vi at vår Gud er eit berg, ei borg, ein mektig og trufast Gud som frelser?



litt om serien:

Vår kultur er prega av høgt tempo, høge forventningar, høge krav. Det er mange moglegheitar, mange val, mange ulike røyster. Akkurat det har vi høyrte før. Men kva gjer det med oss? Nokre gonger kjenner vi oss overmanna og veit ikkje korleis vi kan komme oss vidare. Vi kan kjenne oss låste fast og som framande midt i det livet vi kallar vårt.

Vi blir så lett drivne frå skanse til skanse, mistar kontrollen på eigen kvardag og kjenner fort at kjensla av å vere offer kjem snikande. Denne serien handlar om nokre av disse livskjenslene som gjer at mange kristne erfarer stillstand og lite utvikling i sitt trusliv.

litt om tema:

Er det blitt slik at det gir litt status og cred å være sliten? Det betyr vel at vi lever liv som er fylt til randa av ekstremt meiningsfulle ting? Vi merkar det ikkje med ein gong, men sakte men sikkert blir vi tappa for krefter og energi. Men vi må jo nesten bare køyre på - for alle desse tinga og aktivitetane bruker vi til å bekrefte vår verdi og vår identitet. Rastlaust må vi jage vidare, utan kvile. Men Jesus har eit betre liv til deg: Kva om du kan kvile heile din verdi og identitet i Han? Kva om du ikkje treng ha ein overfylt kalender for å vere verdifull? Jesus er din fred!

2.Mos 18, 13-23: vegleiande spørsmål

1. Kva er det som driv Moses til å køyre seg så hardt, trur du?
2. Kva effekt har dette? Kvifor grip Jetro inn?
3. Kva slags rolle spiller relasjonar i denne teksten?
4. Les 1. Kor. 13, 1-3 høgt. Kva lys kan denne teksten kaste på temaet?

Den ærlege samtalen

1. Heilt ærleg: Synast du det er litt status å kunne seie: «det er litt mykje for tida..»?
2. Kva opplev du at du får eller går glipp av med full kalender?
3. Kva driv deg til å strekkje deg lenger enn det som er sunt og godt?
4. På kva måte er Jesus din fred?

Gjennom deg og vidare

Gud elsker, og seier at eit liv i etterfølging av han er et liv som også vil elske. Kven i din ikkje-truande omgangskrins viser du kjærleik til? Både din eigen og Guds?

Takksam deling

Korleis kan de eventuelt avlaste kvarandre i veka som kjem?

Takk, bøn og forbøn

1. Takk Gud for at han er fredens Gud, og gjev ein fred som går over all forstand. Takk for at du kan kvile trygt hos han.
2. Be om å få vakse i det å sjå deg som Guds barn, be om at du veit allereie før du fyller opp kalenderen at du er nokon, at du har uendeleg verdi.
3. Be Gud om ny evne til å prioritere og setje sunne grenser for deg sjølv og andre.
4. Del gjerne andre bønneemne og be for kvarandre.

Vener ▾

Be

litt teologi: Moses

Moses blei den store leiaren av Israelfolket. Det er berre Elia og David som kanskje kan måle seg. Men ingen hadde ein så tett og open relasjon til Gud som han. Han fekk Lova, andletet hans strålte etter avglansen av Guds herligdom. Han var den store mellommannen mellom Gud og folket, formidlaren av Guds vilje og forbedaren for folket sine synder.

Med god grunn er Moses og hendingar i Moses sitt liv parallele med hendingar i Jesu liv. På Kristi forklaringsdag(Luk 9) dukkar Moses opp. Det er heilt klart at Jesus går inn i Moses sine roller, *mellommannen, formidlaren av ei ny pakt, forbedaren, leiaren, formidlaren.*

Men Jesus er meir.

Moses er på ingen måte ein feilfri mann. Også han har sine issues. I dagens tekst møter vi flaskehalsen Moses, som meiner at alt må gå igjennom han. Han er i ferd med å slite ut seg sjølv og folket fordi han har gjort seg sjølv uunnværlig. Om han berre er uklok eller om han faktisk trong å ha den rolla for å dekkje sitt eige kontrollbehov eller om han likte bekreftinga som ligg i å vere den som alle kjem til, det veit vi ikkje. Men om den store Moses kan gjere feil, og erkjenner det, så er det kanskje ikkje så farlig om vi ser at vi også gjer ting med uedle motiv - at vi strebar og strevar.

Moses sin storleik ligg i hans vilje til å bøye seg!



litt om serien:

Vår kultur er prega av høgt tempo, høge forventningar, høge krav. Det er mange moglegheitar, mange val, mange ulike røyster. Akkurat det har vi høyrte før. Men kva gjer det med oss? Nokre gonger kjenner vi oss overmanna og veit ikkje korleis vi kan komme oss vidare. Vi kan kjenne oss låste fast og som framande midt i det livet vi kallar vårt.

Vi blir så lett drivne frå skanse til skanse, mistar kontrollen på eigen kvardag og kjenner fort at kjensla av å vere offer kjem snikande. Denne serien handlar om nokre av disse livskjenslene som gjer at mange kristne erfarer stillstand og lite utvikling i sitt trusliv.

litt om tema:

Kjensla av kaos kjem ofte når det ikkje er samsvar mellom røynd og ideal. Det er ei uorden, ein manglande samanheng mellom det vi vil og det vi gjer. Vi blir utsette for andre sitt kaos og vi utset andre for det kaoset vi sjølv skaper, både medvete og umedvete. Eller så blir vi ganske enkelt ramma av heilt urettferdig fordelte katastrofar, sjukdommar, lidingar. Dette viklar oss inn i ei verd som ofte erfarer kaoskrefter på kroppen. Det kristne omgrepet «synd» fangar inn noko av dette. Guds skapte kosmos, synda byrjar å demonterer dette - kaos. Nåde er at Jesus kjem med nytt kosmos, ny meining til deg!

2. Sam. 12, 1-10: vegleiande spørsmål



1. Kva er det Natan gjer med David? Liker du måten?
2. David erklærer mannen som tok ein sau for «hjartelaus» Korleis trur de det må ha vore for David å høyre: «Du er mannen»?
3. Kaoset er resultatet av at David har «forakta Herrens ord». Kva tenkjer de om det?
4. Les salme 51 : Korleis reagerer David?

Gjennom deg og vidare



Kven kan du hjelpe til eit sant og ærleg oppgjer og til å ansvarsfullt forstå sin eigen del i det kaoset livet har gjeve? Kven kan du peike på Nåde i Jesus Kristus for?

Den ærlege samtalen



1. Innrømmer du feil, eller er det vanskeleg for deg?
2. Kva slags kaos skaper du for deg sjølv og andre?
3. Er det vanskeleg for deg å bekjenne synd? Kvifor eller kvifor ikkje?
4. Kva er mest utfordrande: å vere ein Natan eller å vere ein David?

Takksam deling



Korleis kan de gje kvarandre den gåva det faktisk er å peike på synd og gi rom for oppgjer og oppreising?

Takk, bøn og forbøn



1. Takk Gud for hans herligdom, som er full av nåde OG sanning - samstundes. Takk Gud for at hans nådige blick ser alt i oss.
2. Be Gud gje dykk vilje og evne, ved nåden i Jesus, til å leve heile, integrerte liv der avstanden mellom liv og lære blir mindre og mindre
3. Be for dykkar del av skulda for verdas kaos, og om de tør vere konkrete, så gje kvarandre, på vegne av Jesus, absolusjon (tilgjeving for synd).
4. Del gjerne andre bøneemne og be for kvarandre.

 Vener ▾

Be

litt teologi: David

David's begjær etter Batseba opnar døra for ei kanonade av kaos inn i utruleg mange menneske sine liv. Uria mistar livet, familien mistar ein son og ein bror, Batseba og David mistar ein son i forlenginga av dette, og David har svikta sin eigen integritet og sitt embete som konge. Mest av alt sviktar David Gud. Dette skriv han om i salme 51 . «Mot deg åleine har eg synda. »

Rota til alt dette kaoset ligg i synda under den konkrete synda. David, i all sin rikdom og i alle velsigningane han har motteke, er framleis utakksam og utilfreds. Han vil ha meir. Det er ikkje nok det som Gud har gjeve. David tar seg til rette, tråkkar over Guds og andre sine grenser, og det skaper denne skurringa i relasjonane. Vi ser det i bibelen, vi erfarer det i kvardagen. Når David, som er den store kongen etter Guds hjarte, kan gjere slike ting, så er det vel ikkje urimeleg for oss å innrømme mykje av det same. Men til og med i dette var det nåde for David, slik det er nåde for oss også.

A vere ein kristen vil alltid vere å appellere dagleg til Guds barmhjertige og tilgjevande nåde, for så å reise oss opp att med eit nytt blick, eit blick på Jesus Kristus som Alfa og Omega, som Kongen med stor K – som bringaren av kosmos (orden, fred, stabilitet) inn i vårt kaos – både det vi blir utsatt for og det vi sjølv skaper.



litt om serien:

Vår kultur er prega av høgt tempo, høge forventningar, høge krav. Det er mange moglegheit, mange val, mange ulike røyster.

Akkurat det har vi høyrte før. Men kva gjer det med oss? Nokre gonger kjenner vi oss overmanna og veit ikkje korleis vi kan komme oss vidare. Vi kan kjenne oss låste fast og som framande midt i det livet vi kallar vårt.

Vi blir så lett drivne frå skanse til skanse, mistar kontrollen på eigen kvardag og kjenner fort at kjensla av å vere offer kjem snikande. Denne serien handlar om nokre av disse livskjenslene som gjer at mange kristne erfarer stillstand og lite utvikling i sitt trusliv.

litt om tema:

Alle erfarer vi usikkerheit. Det er eit kjenneteikn på å vere menneske - vi har ikkje oversikt og kontroll på alt. Usikkerheten kan beskytte oss frå skråsikkerheit og arroganse. Men oftast blir usikkerheit vendt innover mot oss sjølv. Vi blir uklare og lite heile i identiteten. Den uoppgjorte, destruktive usikkerheita devaluerer oss, røvar bort frimod og glede og gjer oss til ofre. Vi bidreg lite fordi vi alltid er engstelege og sjølvoppteke. Jesus må bli vår Klippe. Vi treng å byggje identitet på aksepten i Jesu nåde, ikkje i andre sine blick eller i vår eiga framtoning.

1. Sam. 10, 20-24: vegleiande spørsmål

1. Korleis kjem Saul sin usikkerheit til uttrykk her?
2. Med så mykje ressursar og makt som Saul har til rådvelde, kvifor trur du han er utrygg?
3. Seinare så slår David Goliat på slagmarka. Kva trur de dette gjorde med Sauls sjølvbilete og stoltheit?
4. Kva trur de ville hjulpt Saul til å frimodig «lande i seg sjølv»?

Den ærlege samtalen

1. På kva måte opplever du usikkerheit, og kva er du usikker på?
2. Blir ein meir eller mindre sjølvcentrert når ein er usikker?
3. Kva tenkjer du at usikkerheit leier til i livet?
4. Kva ville skjedd i livet ditt dersom Jesus verkeleg var ein fast klippe som du visste at du stod trygt på?

Gjennom deg og vidare

Ein av dei viktigaste grunnane for å gjere opp sin eigen usikkerheit er at det flyttar fokuset frå deg sjølv over til andre. Kven skal du vitne om Jesus for?

Takksam deling

Korleis kan de praktisk hjelpe kvarandre til eit sunt sjølvbilete på basis av aksepten i Jesu nåde?

Takk, bøn og forbøn

1. Takk Gud for hans nådige aksept av kvar einskild av dykk. Takk for at de er skapt, ønska og frelst av Han.
2. Be Gud om å gi dykk ei erfaring av at Han er klippen i identiteten dykkar, klippen som ikkje sviktar. Be om ny fridom til å være slik han har skapt deg.
3. Be for kvarandre og det som de har snakket om i dag, og del gjerne andre bønneemne også. Be om vekst i kristenlivet.

Vener ▾

Be

litt teologi: Saul

Saul, Israels første konge, har all mogleg grunn til å oppleve fred og ro i seg sjølv. Han er for det første utvald av Gud. I tillegg er han høgrest og vakker. Han har fått posisjon og ære og makt og har ingen grunn for å oppleve seg truga.

Likevel er det noko med Saul som er tydeleg gjennom heile livet hans. Det er ein nagande utryggleik der heile vegen som et han opp innanfrå, som øydelegg dømekrafta hans og styrer vala og reaksjonane hans. Ved kroninga gøymer han seg mellom krigsbyttet. Berre Samuel, den store profeten kan forette offeret til Gud som skal sikre Israel siger i krig, men Saul tar saka i eigne hender fordi han blir usikker på kva folket vil tru når Samuel lar vente på seg.

Saul kjenner seg alltid truga av den vesle gjetarguten David. For å toppe alt er han så usikker på kva som vil bli gjort med han ved slutten av livet sitt at han ber tenesteguten sin om å ta livet av han når han skjønar at krigen ikkje kjem til å gå hans veg. Når tenesteguten nektar, kastar Saul seg sjølv mot sverdet og dør. Saul mista kongeriket sitt og til slutt mistar han seg sjølv.

Den uoppgjorte usikkerheita gjer det! Den et og gneg på oss heilt til verda vi bur i blir borte for oss og vi blir dregne med ned i dragsuget.



litt om serien:

Vår kultur er prega av høgt tempo, høge forventningar, høge krav. Det er mange moglegheitar, mange val, mange ulike røyster.

Akkurat det har vi høyrte før. Men kva gjer det med oss? Nokre gonger kjenner vi oss overmanna og veit ikkje korleis vi kan komme oss vidare. Vi kan kjenne oss låste fast og som framande midt i det livet vi kallar vårt.

Vi blir så lett drivne frå skanse til skanse, mistar kontrollen på eigen kvardag og kjenner fort at kjensla av å vere offer kjem snikande. Denne serien handlar om nokre av disse livskjenslene som gjer at mange kristne erfarer stillstand og lite utvikling i sitt trusliv.

litt om tema:

Når føler du for å gje opp? Når blir kostnaden ved å kjempe for stor? Eller kan det hende at vi oftast berre feigar ut - at det vi veit var rett berre ikkje blei viktig nok? Eller så har vi kjempa reelle vanskelige kampar lenge - vi blir slitne og ønskjer at det berre skal gå over. Sjukdomen som ikkje gjev seg, tapet av ein nær og kjær i døden eller i et relasjonsbrot. Det kan være mange grunnar for å resignere. Men som kristne er dette sant: Jesus er vår siger. Han som kjempa for oss, inviterer oss til å kjempe for det gode - for det som er sant!

4. Mos 13,17 - 14,19: vegleiande spørsmål

1. Landet flyt over av mjølk og honning. Kvifor vil dei ikkje kjempe?
2. Kva er det Josva og Kaleb gjer som Jesus gjer endå mykje meir? (14, 6ff)
3. Kva gjer Moses som Jesus gjer endå meir? (14, 13-19)
4. Løfta om Siger, trugsmålet om Dom og appellen om Nåde ser til saman ut til å motverke resignasjonen. Korleis då? (14, 1-19)

Gjennom deg og vidare

Kven skal du kjempe for slik at dei merker at alle Guds løfte også gjeld for dei?

Takk, bøn og forbøn

1. Takk Gud for at han kjempar for oss, takk han for at han er vår siger. Takk han for at han vann for oss på korset.
2. Be Gud gi dykk ny kraft og ny styrke når de ser hans truskap og miskunn mot dykk.
3. Be for kvarandre på område der de kjenner at «her er eg i ferd med å gje opp eller er freista til å feige ut». Del også andre bønneemne og be for kvarandre.

Den ærlege samtalen

1. Kva skaper lyst til å gje opp i livet ditt?
2. Kva er du villig til å kjempe for og strekkje deg langt for?
3. Gjev setninga «Jesus er min siger» noko mening i livet ditt?
4. Ser du på deg sjølv som ein frimodig kristen? Kvifor, eller kvifor ikkje?
5. Er det konkrete «kristne ting» du feigar ut på?

Takksam deling

Kven kan de oppmuntre til å halde ut i kampen?

litt teologi: Spionane

Israelsfolket står ved terskelen til det lova landet etter ei lang og brokete vandring gjennom ørkenen. Erfaringane dei har med seg frå alle desse årene er mange og varierte, men en ting burde kanskje ha vore prenta inn: Gud er med dei! Han har sørgt for dei, han har korrigerert dei, han gjer teikn og under mellom dei, han leier dei. Det Gud har sagt, det gjer han, og det umoglege er mogleg for Gud.

Likevel kjem størsteparten av spionane i det lova landet tilbake etter fullført oppdrag og spreier så stor frykt mellom folket at dei i kapittel 14 aller helst vil steine Moses, velje en ny leiar og reise tilbake til lenkjene i Egypt. Og grunnen? Dei skjønner at dei må kjempe. Menneska er mange og byane er sterke og store. Dei blir redde – og så resignerer dei.

Det trengst eit møte med Guds herligdom, det trengst Kaleb og Josva si tru på løfta og sigeren Gud har lova dei, og det trengst Moses sin forbøn til for at dei rustar seg til å ta i eige det som Gud har lova dei. Og dette er ei åndeleg lov: Guds gode gåver er mange og fantastiske, men dei er sjeldan lettvinde og billige.

Evangeliet er **ikkje**: tru på Jesus og alt vil gå bra for deg - fullstendig utan kostnad. Evangeliet **er**: Tru på Jesus, og han vil vere nok for deg, og han er verdt å kjempe den gode striden for, fordi han først har kjempa FOR deg!



Vener ▾

Be

litt om serien:

Vår kultur er prega av høgt tempo, høge forventningar, høge krav. Det er mange moglegheitar, mange val, mange ulike røyster. Akkurat det har vi høyrte før. Men kva gjer det med oss? Nokre gonger kjenner vi oss overmanna og veit ikkje korleis vi kan komme oss vidare. Vi kan kjenne oss låste fast og som framande midt i det livet vi kallar vårt.

Vi blir så lett drivne frå skanse til skanse, mistar kontrollen på eigen kvardag og kjenner fort at kjensla av å vere offer kjem snikande. Denne serien handlar om nokre av disse livskjenslene som gjer at mange kristne erfarer stillstand og lite utvikling i sitt trusliv.

litt om tema:

Å vere sløv handlar ikkje om at du er sliten og treng å slappe av. Sløvheit og likesæle handlar om å vere kjenslelaus for sanning og giddalaus i å gjere det gode, det rette. Det treng ikkje vere så veldig tydelig alltid, men sløvheita syner seg i dei små, små grunnane vi gjev oss sjølv slik at vi ikkje treng å ta tak, ikkje endre noko. Vi strekk oss ikkje mot å vere dei Gud har skapt oss til å vere og mot det han har kalla oss til å gjere.

Faren er at vi kan bli sitjande som stovegrisar midt i eit liv som ikkje ber frukt. Sløvheita er ein motsats til alt som heiter meining og effekt.

Jona, kapittel 1: vegleiande spørsmål

1. Kva seier det om Jona at «Herrens ord kom til Jona»?
2. Kvifor reagerer Jona som han gjer? (Les litt teologi-delen)
3. Dersom synd er å rømme frå Gud, kva er nåde da?
4. Korleis kan ein profet vere så på bærtur når det gjeld å kjenne sin Gud, tenkjer de?

Gjennom deg og vidare

Kven er det du skal vakne opp for å vise Guds miskunn og nåde til?

Takk, bøn og forbøn

Bøn

1. Takk Gud for at han heile tida er oppteken av dykk. Han sløvar aldri. Takk han for nåden, at han har følgd etter dykk med sin nåde når de har rømt frå han.
2. Be Gud gje dykk meir mot til å gjere det Gud kallar dykk til, og til å vere dei Gud har skapt dykk til å vere.
3. Del gjerne andre bønneemne også. Be til Gud for kvarandre og for det de har delt.

Den ærlege samtalen

Felleskap

1. Kva er dine hovudgrunnar for å *ikkje* gjere noko du vet er rett?
2. Kva er det som er kjelder til sløvheit og likesæle for deg?
3. Kvifor kastar vi bort så mykje tid på ting som ikkje fremjar sanning og godleik i verda?
4. På kva område av livet har du lyst å ta eit nytt steg i tro?

Takksam deling

Raushet

Korleis kan de støtte kvarandre over tid dersom de vil ta nye steg i trua?

litt teologi: Jona

Jona er ei fantastisk og litt merkeleg bok. Gudsmannen Jona, den store profeten, rømmer frå Gud når han blir kalla til å gå til Ninive, hovudstaden i Assyrriket. Og grunnen? Vel, det hadde vore litt som å sende ein jøde til Berlin i 1940 og be han rope ut omvendning ved Brandenburger Tor. Assyranane var brutale! Ikkje rart Jona er skeptisk til prosjektet.

Men i denne historia møter Jona seg sjølv i døra som ein som ser ned på andre etniske grupper. Han vil og kan ikkje gå til desse «skitne heidningane» med budskapet frå Gud, for tenk om Gud viser miskunn mot dei? Kva ville vel det gjort med Jona sitt sjølv-bilete som israelitt og kva ville det ført til for Israel som Guds utvalde folk om Gud skulle vere nådig mot fienden deira? Så Jona stikk av i motsett retning av Ninive, og hamnar, ironisk nok, på ein båt full av «skitne heidningar». Det blir for mykje for han, og han går under dekk og sovnar. Han er sløv, han er likesæl, han er så nummen av å rømme frå Sanninga og så motvillig til å gjere det gode og rette at han berre sovnar. Han vaknar ikkje når båtfolket treng han, sløvheita blindar han for andre sine behov. Ikkje før den heidske kapteinen roper av full hals til han: «Kva er det med deg? Sølv du? Stå opp og rop til guden din! Kanskje guden vil hugsa på oss så vi ikkje går under».

Då vaknar Jona verkeleg opp og han gjev oss eit teikn på kva frelse er. Han ofrar seg og blir tre dagar i mørket, før han forkynner nåde for heidningane. Ikkje rart då at Jesus sa til dei som kravde teikn at «de får ikkje anna teikn enn Jona-teiknet». For det er i grunnen det einaste vi treng!



Vener ▾

Be